

Referat frå årsmøtet Voss HPK 22.3.2018 på Park Hotell

Sak 1 Opning av årsmøtet: leiar Einar Såkvitne ynskja velkommen

Sak 2 Godkjenning av innkallinga: godkjend utan merknad

Sak 3 Val av ordstyrar: Morten Knapstad vart valt

Sak 4 Val av referent: Pål Erdal vart valt

Sak 5 Godkjenning av sakslista: sakslista vart godkjend (Merknad: leiar Einar Såkvitne ville her også høyre årsmøtets syn på evt. forlenging av tilsetjinga av dagleg leiar. Frå årsmøtesalen kom det då innvending mot at dette ikkje var sett opp som sak. Temaet vart teke opp att etter at årsmøtets saker var ferdige. Frå årsmøtesalen kom det då syn om at dette var styrets oppgåve, og ikkje for årsmøtet å vurdere. Og slik vart det.)

Sak 6 Val av to medlemmar til å undeskrive protokollen: Morten Helgaset og Pål Erdal

Sak 7 Val av tre for teljekorps: Lehart, Kristoffer og Viachselaw, men det vart ikkje bruk for teljekorpset

Sak 8 Godkjenning av årsmelding for 2017: Godkjend utan merknad.

Sak 9 Godkjenning av rekneskapen for 2017: Vart presentert av Øystein Bryn. Rekneskapen er ført av Wisma. Godkjend utan merknad.

Sak 10 Godkjenning av budsjett for 2018: (2017 er skrivefeil i sakslista) Godkjend utan merknad.

Sak 11: val av styre: Valkomité har vore Lars Haukom og Morten Knapstad. Lars la fram tilrådinga deira. Det kom ikkje andre framlegg og nytt styre er desse:

Leiar: Einar Såkvitne valt for to år (formelt sett nyvalt som leiar, men Einar har også fungert som leiar i meldingsåret 2017 fordi den valte leiaren Thor Atle Søvig trappa ned pga. helse).

Nestleiar Kjell Svanes for to år (nyvalt)

Styremedlemar Ove Morten Haukenes og Renate Pedersen, båe for to år og nye i styret

Desse fortset i styret for eitt år: Brita Linn Fretheim (skrivvar), Christian Hagen. Desse fortset som vara for eitt år: Frode Fester og Gunvor Wæhle

Einar takka avtroppande styremedlemar Thor Atle Søvig, Morten Knapstad og Øystein Bryn

Valkomite til valet i neste årsmøtet 2019 er Lars Haukom og Morten Knapstad.

Etter at årsmøtets formelle saker var gjort unna presenterte ny dagleg leiar Tom Salamonsen seg.

Referent: Pål Erdal